

Tips oss

Onsdag 1. juni 2016

Søk



Logg inn

Bli abonnent

&NYHENDE

&FOLK

&KULTUR

&SPORT

&DEBATT

OS & FUSA TV

FOR ANNONSØRER

KUNDESENTER

E-AVIS



Turid Rognsvåg vann 50-årsklassen for damer under KM i langdistanse-orientering laurdag. (Privat foto)

Turid første krinsmeister

Nyleg var sonen første deltakar i NM. I helga vart Turid Rognsvåg Os orienteringsklubbs første krinsmeister

Kenneth Svenningsen kenneth.svenningsen@osogfusa.no

Publisert 31.05.2016 kl. 15.59.

Det er Rognsvåg-familien som fører an når det kjem til å fronta Os orienteringsklubb i konkurransesamanheng denne våren.

I starten av mai var Espen Rognsvåg den første frå Os Ok som deltok i eit NM då han vart nummer 16 i sprint-NM i Bergen.

No i helga var det mor Turid sin tur til å bli historisk.

Ho skreiv historie ved å bli den første i klubben som vart krinsmeister.

Langdistanse-KM

Krinsmeisterskapen i langdistanse gjekk av stabelen på Fanafjellet laurdag. Totalt stilte 163 utøvarar. Os Ok hadde sju utøvarar i aksjon.

Turid Rognsvåg gjekk i leiinga på langstrekket (1.850 meter) og kjempa deretter ein tøff kamp med Lise Christensen frå TIF-Viking. Men mot slutten var Os Ok-løparen klart sterkast og vann til slutt klassen med 35 sekunds margin ned til nemnde Christensen.

1.6.2016

Turid første krinsmeister - Os og Fusaposten

Blant andre Os Ok-deltakarar må det nemnast at Matias Pontioppidan sprang inn til ein flott fjerdeplass og vart premiert for det i klassen gitar 13-14 år.

Marie Herigstad i D70 og Andreas Berge, som sprang open klasse, gjorde også gode løp.

